



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Joachim Bråthen Schedel  
Telefon: 57 64 31 45  
E-post: fmsfjbs@fylkesmannen.no

Vår dato  
31.10.2011  
Dykkar dato  
20.04.2011

Vår referanse  
2008/2166 - 561  
Dykkar referanse  
200702613-42

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

## **Vigdøla (076.CA0), Luster kommune - Fråsegn til søknad med konsekvensutgreiing for utbygging av Vigdøla**

Vi viser til oversending frå NVE datert 26.04.2011, og synfaring 06.09.2011.

**Ei utbygging av Vigdøla vil kunne gje eit bidrag til meir fornybar energi i eit vassdrag som alt er sterkt påverka av kraftutbygging. Vidare vil kommunen kunne få økonomiske fordelar av utbygginga.**

Fylkesmannen vurderer at ei utbygging som omsøkt er i konflikt med allmenne interesser knytt til landskap, sjøaure og laks. Spesielt vil redusert vassstemperatur i Jostedøla påverke laks og sjøaure negativt i ei elv med allereie marginale levevilkår etter tidlegare utbygging. Elva er eit viktig landskapselement med godt synlege fossar, og er viktig med omsyn til tilførsel av klarare og varmare vatn til Jostedøla.

**Fylkesmannen legg vekt på at Luster kommunestyre har rådd i frå at det vert gjeve konsesjon, og vil ut frå ei samla vurdering slutte seg til kommunen si tilråding.**

### **Bakgrunn**

Vigdøla er ei sideelv til Jostedøla som renn saman med Jostedøla ca. 12 km før utløpet i Sognefjorden ved Gaupne. Statkraft ser på prosjektet som eit opprustings- og utvidingsprosjekt, der vassdrag som allereie er regulert vert nytta. På ca. kote 1200 er det fleire bekkeinntak til Jostedal kraftverk som har redusert vassføringa i Vigdøla. Inntaket er planlagt plassert i Vigdøla ved Skitnamyrjtjønnna på ca. kote 605. Frå inntaket vert vatnet ført i ein ca. 1 km lang tilløpstunnel og over i ei trykksjakt ned til Vigdøla kraftstasjon. Stasjonen vert plassert i fjell, og tilkomst til kraftverket vert via ei avgreining frå eksisterande tilkomsttunnel til Jostedal kraftverk. Utløpet vert ført ut i utløpstunnelen til Jostedal kraftverk. Kraftverket vil nytte et fall på 593 m og får ein installasjon på 16 MW. Energiproduksjonen er rekna til 48 GWh/år. Utbyggingskostnaden er anslått til 120 millionar kroner. Kraftverket er planlagt kopla til koplings- og apparatanlegg i Jostedal kraftverk. Omkring 55 000 m<sup>3</sup> steinmasse frå tunneldrifta vil verte deponert ved tippområde Syneshaug og Ormbergstølen.

### **MILJØVERNFAGLEGE VURDERINGAR**

#### *Generelt*

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepssfrie

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

#### *Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie område (INON)*

Utbygginga er planlagt i eit område som allereie er påverka av menneskelege inngrep. På ca. kote 1200 er det fleire bekkeinntak til Jostedal kraftverk som har redusert vassføringa i Vigdøla. Det er bilveg fram til Vårstølen, og 22 kV kraftline opp til Syneshaug ved eksisterande tipp. Dei tekniske inngrepa knytt til utbygginga er små, ved at eksisterande infrastruktur vert nytta. Inntaksområdet, saman med tippene for tunnelmassen og redusert vassføring nedstrøms inntaket, vert synlege teikn etter utbygginga.

I kommunedelplan for små kraftverk i Luster kjem utbyggingsområdet for Vigdøla kraftverk i delområde 4.6 "Vigdalen". Dette området inkluderer prosjektet der det no vert søkt om unntak frå Samla plan. Aurland Naturverkstad har utarbeidd to fagrapportar som tek for seg landskap, naturmiljø og kulturmiljø. Desse rapportane er bakgrunn for den tematiske kommunedelplanen for småkraftverk i Luster. I fagrapporten frå Aurland Naturverkstad er delområdet 4.6 Vigdalen, gitt samla miljøverdi "Svært stor". Aurland Naturverkstad har og vurdert enkeltvassdrag, og der kjem Vigdøla ut med ei samla vurdering av konfliktpotensial som "stort". Utdrag frå skildring av landskapet: *"Elva er godt tilgjengelig, både visuelt og fysisk. Den er godt synlig og gjer mykje av seg. Elva er ein viktig del av totalbiletet i natur- og kulturlandskapet. Eit dalføre med stor variasjonsrikdom. Fossane i nedste del av elva har stor intensitet, mektigheit og villskap. Elva er regulert til vasskraftutbygging. Ei flott elv som er viktig for landskapsopplevinga."* Kommunestyret i Luster vedtok i møte 25.01.07, sak 10/07, å flytte nedre del av delområde 4.6 Vigdalen frå raud til grøn konfliktsone. Vedtaket er ikkje nærare grunngeve.

Jostedalen med sitt brelandskap er ein viktig turistattraksjon. Dalen får kvart år besøk av eit stort tal turistar frå heile verda som ynskjer å sjå Jostedalsbreen, og den storslagne naturen med fjell- og fosselandskap. Jostedalen er ein svært viktig innfallspor til Jostedalsbreen nasjonalpark. Nedre del av Vigdøla med Håvardfossen, er ved høg vassføring eit sentralt landskapselement ved Husøy.

Vigdalen er lett tilgjengeleg og er eit populært utfartsområde for lokalbefolkninga og turistar. Ved Vårstølen er det parkeringsplass og Vårstølen er eit mykje brukt utgangspunkt for turar. Det er fleire merka turruter og turlagshytter i området. Området vert nytta til tradisjonelt friluftsliv sommar og vinter (fotturar, skiturar, bærplukking, jakt og fiske). I boka Opptur som omhandlar Sogn og Fjordane er to turar med utgangspunkt frå Vårstølen omtala, og fjelltoppen Vongsen 1757 moh. er eit populært turmål frå Vigdalen, spesielt om sommaren. Dei viktigaste områda for friluftsliv ligg ovanfor den planlagde utbygginga.

Vigdalen landskapsvernområde ligg omlag 1,5 km lenger inn i dalen. I tillegg ligg det ein lokalitet med spesielle naturkvalitetar i Sogn og Fjordane (Naturbasen) og ein lokalt viktig naturtype i same området, men noko nærmare inntaket. Desse lokalitetane ligg utanfor utbyggingsområde og vil ikkje verte direkte påverka.

Prosjektet påverkar ikkje inngrepsfrie naturområde (INON), ettersom Vigdøla allereie er påverka av vasskraftutbygging.

Det er få kulturminne og kulturmiljø i tiltaksområdet. Dei som finst vil få ingen til minimal påverknad at dei planlagde tiltaka.

Ved ei. ev. utbygging vil dei mest aktuelle avbøtande tiltaka knytt til Jostedøla vere å sleppe vatnet frå kraftverket ut i Jostedøla ved Ormbergstølen, og ev. å auke minstevassføringa vesentleg. Dette vil redusere ulempene for laks og sjøaure. Øvst i området vil det vere å etablere tersklar på det slake partiet ved Syneshaugen og auke minstevassføring. Dette vil redusere den negative verknaden på landskapsbilete, gjere tilhøva for aure betre og oppretthalde ein viss gjerdeeffekt for beitande dyr. Tersklane bør vere mest mogleg naturleg for ikkje å redusere landskapsopplevinga unødig. Samtidig bør dei vere robuste nok av til å motstå årlege flommar.

#### *Naturmiljø og biologisk mangfald*

Det registrert to lokalt viktige naturtypar i influensområdet. Nedanfor planlagt betongdam på nordsida av Vigdøla er det funne eit område med høgstaudeeng, kor det er funne fire regionalt sjeldne moseartar. I følgje dei omsøkte planane vert ikkje høgstaudeenga påverka i stor grad, men ved ei eventuell utbygging må det visast omsyn i anleggsfasen for å ikkje påverke lokaliteten i negativ retning. På nordsida av Vigdøla omkring 200 - 300 meter før samløpet med Jostedøla er det ein lokalitet med lokalt viktig rik edellauvskog. Denne vert truleg ikkje påverka direkte av utbygginga.

Vigdøla nedanfor inntaket er viktig for fossefall. Den føreslegne minstevassføringa vil resultere i at mange hekkeplasser vert borte. Ved ei eventuell utbygging må det difor sleppast ei større minstevassføring. Sør for Skitnamyrtjørni ligger eit lite leikområde for orrfugl. Dei største truslane for dette området er knytt til anleggsfasen og vil ha ein forbigåande effekt. Den auka vasstanden i Skitnamyrtjørni på maksimum to meter kan også påverke leikområdet.

#### *Fisk- og fiskeinteresser*

Det reduserte vassbidraget frå Vigdøla til Jostedøla er estimert til gje ein negativ effekt på temperaturen i Jostedøla. Utrekningar viser at temperaturen i gjennomsnitt vil falle 0,1 °C i Jostedøla. Denne reduksjonen er isolert sett liten, men temperaturen i Jostedøla er allereie marginal med omsyn til laks og sjøaure. Det er gjort tiltak for å betre vandringa i Langøygjelet då gjelet var vanskeleg å passere på grunn av stryk med låg temperatur. Ei ytterlegare senking av temperaturen vil kunne forverre vandringstilhøva forbi Langøygjelet. Området ved Alsmo, like nedanfor Langøygjelet, er vidare eit av dei viktigaste gyteområda for sjøauren i Jostedøla. Mindre klart vatn og lågare temperatur vil vere svært uheldig for dette området. Anadrom fisk kan vandre omkring 100 meter opp dei nedre delane av Vigdøla. Det kan vere noko rekruttering av sjøaure her, og i tillegg er strekninga svært viktig for yngel i samband med næringssøk og oppvekstareal. Det vert og ei sone med klart vatn i Jostedøla ved samløpet med Vigdøla. Slike område er svært viktige for både fisk og botndyr i brelvar.

Tiltaket vil også ha negativ verknad for gyte- og oppvekstområda for innlandsaure på den påverka elvestrekninga. Ved å bygge tersklar og auke minstevassføringa vil denne negative verknaden verte noko redusert.

#### *Ureining, vasskvalitet og støy*

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil verte vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det verte aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare verte erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

#### *Plan- og byggingslova*

Området på nordsida av Vigdøla er bandlagd for framtidig regulering til hytteområde. Vi føreset at Statkraft søker departementet om at arealdisponeringsplanen godkjennast som statleg reguleringsplan før konsesjon vert gjeve.

### **BEREDSKAPSFAGLEGE VURDERINGAR**

Opprusting og utviding av eksisterande vasskraftverk er ein sentral del av regjeringa sitt arbeid med å få fram fornybar energi. Utbygginga er samla venta å gi ein auke i årsproduksjon på 48 GWh, noko som vil vere eit positivt bidrag til kraftforsyningsbalansen.

Det vil ikkje vere behov for etablering av nye linjer, fordi produksjonen vil verte ført ut via eksisterande transformator og linje. Det vil heller ikkje vere trong for bygging av nye, permanente vegar, bortsett frå ein ny 150 m lang tilkomstveg frå eksisterande veg i Vigdalen bort til dammen og inntaksstaden.

Det vert påpeikt at det i det meste av prosjektområdet ligg klimatisk og topografisk til rette for skred, og det er kjente skredhendingar mange stader. Oversynet over referanselitteratur tyder på at NGI har gjort ei skredfarevurdering. Det er viktig at utbygginga vert planlagt slik at tryggleikskrav vert ivareteke både i anleggsfasen og seinare under drift, og at tilrådingar frå geofagleg ekspertise vert innhenta og følgd.

### **LANDBRUKSFAGLEGE VURDERINGAR**

Utbygginga har små negative konsekvensar for landbruksdrifta i området. Det vil verte ein liten reduksjon i tilgjengelege skogbruksareal rundt Skitnamyrtjøni på grunn av auka neddemt område og anleggsvei til inntaket. Dette vil være negativt for grunneigaren av området, og vi føreset at ein avtale vert inngått mellom grunneigar og tiltakshavar om ein eventuell kompensasjon. Viser det seg at tiltaka får konsekvensar for vassforsyning til grunneigarar i området føreset vi at tiltakshavar finn ein løysning på dette i dialog med dei det gjeld.

Vigdøla har i dag ein gjerdefunksjon for beitedyr i dalen. Den reduserte vassføringa vil kome i konflikt med dette, men ved å etablere tersklar og auke minstevassføringane slik vi har foreslått vert denne effekten minimal. Viser det seg i ettertid at slike tiltak ikkje er tilstrekkelege, føresett vi at tiltakshavar finn ei løysning på dette.

Tipp- og deponiområdet på Ormbergstølen må få ei utforming som ikkje bryt med landskapsbiletet i Jostedalen og bør konstruerast slik at man får hurtigast mogleg tilvekst av naturleg flora.

### **FYLKESMANNEN SI SAMLA VURDERING OG TILRÅDING**

Fylkesmannen vurderer at den planlagde vasskraftutbygginga er i konflikt med allmenne interesser. Den vil særleg ha negativ konsekvens for sjøaure og laks på grunn av redusert temperatur og lågare vassføring. Tiltaket vil også ha negativ konsekvens for fossefall og innlandsaure nedanfor inntaksmagasinet.

Store delar av vassdraga i Jostedalen er allereie utbygd, med 22 bekkeinntak på austsida og fleire store magasin. Fylkesmannen ser generelt på opprustings- og utvidingsprosjekt i allereie utbygde område som miljømessig betre prosjekt enn utbygging i område som er mindre prega av tidlegare utbyggingar. Samstundes ser vi at sumeffektane av all vassdragsutbygging i Jostedalen, utbygginga det no er søkt om, og ei eventuell utbygging av Vestsiddeelvane, vil gje store negative konsekvensar for biologisk mangfald, verneverdiar, landskaps- og friluftsiinteresser.

Vi merkar oss også at det er stor lokal motstand mot utbygging i Vigdøla. Vi viser og til at kommunestyret har gått i mot søknaden. Kommunestyret har rådd til at Statkraft Energi AS *“ikkje får konsesjon for dei omsøkte utbyggingane utan at det vert stilt strenge konsesjonskrav og Luster kommune får tydeleg vederlag for å avstå ytterlegare naturressursar til storsamfunnet”*.

### **Tilråding**

**Ei utbygging av Vigdøla vil kunne gje eit bidrag til meir fornybar energi i eit vassdrag som alt er sterkt påverka av kraftutbygging. Vidare vil kommunen kunne få økonomiske fordelar av utbygginga.**

Fylkesmannen vurderer at ei utbygging som omsøkt er i konflikt med allmenne interesser knytt til landskap, sjøaure og laks. Spesielt vil redusert vassstemperatur i Jostedøla påverke laks og sjøaure negativt i ei elv med allereie marginale levevilkår etter tidlegare utbygging. Elva er eit viktig landskapselement med godt synlege fossar, og er viktig med omsyn til tilførsel av klarare og varmare vatn til Jostedøla.

**Fylkesmannen legg vekt på at Luster kommunestyre har rådd i frå at det vert gjeve konsesjon, og vil ut frå ei samla vurdering slutte seg til kommunen si tilråding.**

Med helsing

Anne Karin Hamre

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

*Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.*

Kopi: Statkraft, Postboks 200 Lilleaker, 0216 Oslo  
Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim  
Luster kommune